



**DEN NORSKE KIRKE**  
**Kyrkjebø sokneråd**

Dalevegen 4  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100  
Kyrkjekontoret 07.02.22

**Møteprotokoll for Kyrkjebø sokneråd**

Møtedato: 02.02.22

Møtetid: kl. 19.00.

Møtestad: Kyrkjebø kyrkje.

**Til stades:**

Sturla Bell Fossen, Irene Aase Aarseth, Kari Henny Dale, Aud Kjersti Haugen, Andreas Ester.  
Meldt forfall : Ellinor Henjesand Austreim . Møtte ikkje : Anna Sofia Høvik.

Kopi av møteboka går til:

Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar,  
postmottak Høyanger kommune.

Sakliste

**Godkjenning av innkalling og sakliste.**

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

**Godkjenning av referat frå møte 18.11.21.**

Det var ingen merknad til referatet.

**Sidan sist.**

Gudstenester avvikla etter plan.

**Fin og stemningsfull lysmesse . Pynting av juletreet i kyrkja. : Irene + Kari og 2 barnebarn.**

**Julafta : fin oppleving for 33 frammøtte på Kyrkjebø og 21 i Vadheim.**

**16.1 . Vadheim med få frammøtte.**

**23.1. Kyrkjebø med 2 dåpsborn, og godt frammøtte.**

**Sturla har vore på møte med Kyrkjeleg Kultursenter i Førde.**

**Sturla vart valt til leiar i Kyrkjeleg Fellestråd 2.12.**

**Postlista.**

Leiar i soknerådet gjekk gjennom postlista med soknerådsmedlemmene.

**Årshjulet.**

Gjennomgang som eiga sak .

**Soknepresten har ordet.**

Soknepresten minna om teksten for komande søndag, som handlar om Jesus stiller stormen.  
Gudsteneste i Høyanger, med 2 dåpsborn og tårnagenthelg.

**Meldingssaker:**

220001      Årsstatistikken for Kyrkjebø Sokn 2021.

Statistikken vart framlagt, og soknerådet tek den til vitande.

220002      **Trusopplæringa - status.**

**Gaular Sokn vil samarbeide om stilling som kyrkjelydspedagog. Det blir jobba med utlysingstekst og kostnadsoversikt.**

**220003 Spørjeundersøkinga – status.**  
**Det blir tilrettelagt for både papir og digitale svar. Skjema er tenkt levert ut til alle husstandar + butikkar og kyrkjene snarast. Undersøkinga er tenkt gjennomført innan utgangen av april.**

**220004 Årshjulet**

**Soknerådet gjekk gjennom planlagde aktivitetar, møte og fastlagde gudstenester. Det blei drøfta evt nye forslag, som td meir bruk av lokale song –og musikk-krefter.**

**Vedtakssaker:**

**Sak 0001/22: Offertildelingar i 2022.**

Vedtak: Same føremål vert tildelt offer både i Vadheim og på Kyrkjebø. Soknerådsleiar får mynde til å fordele offera på føremåla slik det høver til årshjulet og kyrkjeåret.

**Sak 0002/22: Kyrkjevertordninga i 2022.02.06**

**Vedtak :** Soknerådsmedlemene held fram å dele på oppgåvene etter tur. Innan neste møte i soknerådet prøver kvar av medlemene å rekruttere ein ny kyrkjevert.

**Sak 0003/22 : Årsmøtet for 2021. Tid og stad.**

**Vedtak :** Årsmøtet for soknet vert å halde i Vadheim ved gudstenesta søndag 6.3. kl 17.00.

Sak 0004 /22 : Ymse.

Kari la fram ønske om eit lågare juletre i kyrkja. Det er krevande og noko risikofyllt å pynte så høgt tre. Det blir etter tradisjon levert eit høgare tre i kyrkja vår enn i dei andre kyrkjene. Må evt takast opp med teknisk etat i god tid før neste jul.

For Kyrkjebø sokneråd

Aud Kjersti Haugen

Medlem i soknerådet